



## Referat Allmannamøte

### Røldal Fjellstyre

Tidspunkt: Onsdag 10.02.22 – kl 18:00 – kl 20:30

Stad: Blåsalen, Røldal Grendahus

Frå styret: Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Heine Eikemo og Randi Legård.

Innanbygsbuande: 29 deltagarar!

Andre til stades: 0

Referent: Tor Helge

### Tema på møtet

1. Stølane på Haukeli – vegen vidare
  - Invester eller saner?
2. Fjellstyrehyttene – vedlikehald, utleige, standard
  - Har me for mange hytter? Eller er det for få...
3. Drift av fjellstyret – arbeidsfordeling
  - Hardangervidda fjelloppsyn – kven er dei, kva gjer dei? Og treng me dei eigentleg?
4. Informasjon/spørsmål gjeldande jakt, fiske og friluftsliv
  - Reinsjakt/CWD, fiskekultivering, småviltjakt

## Kort referat:

### **1. Stølane på Haukeli – vegen vidare**

#### **– Invester eller saner?**

- Det vert diskusjon rundt korleis stølane skal driftast i framtida. Sterke signal om at ein føretrekk at beita vert brukt av geit (Nupshadlene og Midtfjellsvodden). Bruk som sauebeite er ikkje like ynskja. Må framover finne ein anna modell for drift av stølane.
- Fjellstyret skal ikkje ha som mål å tene penger på stølane, men forsøkje å få drifta til å gå i 0. Forsøkje å få eige rekneskap for «stølsdelen» av fjellstyret sin økonomi.
- Støtte til forslag om at fjellstyret bør sjå om det er hensiktmessig om hytta i Ståvassvikja vert leiga ut saman med beitet.
- Forståing for at Ulevåbotn (eigentlig omregistrert til fjellstyrehytte), vert utleig på langtidskontrakt.
- Forsøkjer å utsetje vidare avgjersler angåande stølane til ein veit utfallet av planane rundt ny E-134.

### **2. Fjellstyrehyttene – vedlikehald, utleige, standard**

#### **– Har me for mange hytter? Eller er det for få...**

- Fjellstyret har per no Ninive, Gamlabua og Eriksbu. Vil også overta hytte ved Nupstjørn. Det kjem eit forslag om at hytta ved Nupstjørn bør rivast p.g.a. kort avstand til veg og plassering midt i viktig reinstrekk. Dette vart ikkje diskutert nærmare i denne omgong.
- Tilstanden til dei andre hyttene, og kva som er ynskja standard vart diskutert. Årsakar til liten bruk vart lufta. Moglegheitane for utleige, og eit eventuelt omfang av dette vart drøfta.
- Einigheit om at gjennomføringa av renoveringa på Ninive var godt organisert, med god fordeling av dugnadsarbeid og innleid hjelp. Møtelyden er einige om at Eriksbu også bør renoverast etter same modell. I år vert forslag om innkjøp av gasskomfyre støtta.
- Møtelyden vert informert om planlagt dugnadsarbeid i 2022. Ferdigstilling av Ninive inne, samt oppføring av nytt uthus til hytta vil ha hovudprioritet.
- Forslag om organisering av hyttestyre vert lufta.
- Det kom ingen motføresegner på forslag om å bruke ein betydeleg del av oppspart eigenkapital til investeringar i fjellstyrehyttene.

### **3. Drift av fjellstyret – arbeidsfordeling**

- Hardangervidda fjelloppsyn – kven er dei, kva gjer dei? Og treng me dei eigentleg?**
  - Noverande organisering, og historiske orsakar til dette vert kort presentert. Tor Helge er klar på at ein er avhengig av profesjonell drift. Presset på dette er stort også utanfrå.
  - Møtelyden vert presentert diverse problemstillingar/konsekvensar av forslaget til ny Fjellov.
  - Møtelyden vert informert om fjellstyret si rolle som arbeidsgivar, og fjellstyret sine noverande forpliktingar ovanfor selskapet.
  - Alternative løysingar vart diskutert. Det kom ingen forslag om lokale ressurspersonar. Det var einigkeit om at fjellstyret soleis var avhengig av å leige inn «utanbygds-personell».
  - Breitt ynskje om at dugnadinsats framleis skal vera hovudmåten ein gjennomfører prosjekt/transport/arbeid på. Innspel om at dette er viktig for eigarskap og rekruttering.
  - Innspel på at ynskja/organiseringa nemnt over bør vera mogleg å løysa gjennom noverande ordning med HF.
  - Det vert stilt spørsmål om kva konsekvensar det har for Røldal FS at ingen av dei tilsette er lokale (kjøyring, oppsyn etc.)

### **4. Informasjon/spørsmål gjeldande jakt, fiske og friluftsliv**

#### **– Reinsjakt/CWD, fiskekultivering, småviltjakt**

- Stengt veg over Haukeli forhindra SNO til å kome å halde sitt innlegg. På førespurnad om eige møte haldt av SNO ved ein seinare anledning, er møtelyden stort sett positiv. Det kjem forslag om å sende førespurnad om deltaking frå Miljødirektoratet/Mattilsynet for å få svar på forvaltningsmessige spørsmål. Det vert ytra ynskje om at ein bør få moglegheit til å kome med innspel til SNO sin arbeidsinstruks basert på lokal kunnskap og erfaring.
- Møtelyden vart bed om å gje tilbakemeldingar om samjaktavtale med Ullensvang. Positive tilbakemeldingar. Fjellstyre bør kome med førespurnad om å starte avtalen tidlegare, samt fjerne klausul om innanbygdsjeger.
- Møtelyden vart bed om å gje tilbakemelding om samjaktavtale med alle statsallmenningane. Det var einigkeit om å forsøkje å vidareføre ordninga, i størst mogleg omfang.
- Fjellstyret spurde møtelyden om deira syn på fjellstyret sitt ynskje om å kvitta seg med sine aksjer i Grendahuset. Det kom forslag om at fjellstyret burde donera desse til Røldal Bygdalag. Dette forslaget fekk brei støtte av møtelyden.